



PLAN FOR
TRAFIKKTRYGGLEIK I
KVITSEID KOMMUNE
2019-2025

INNHALD

Forord.....	4
Samandrag.....	4
1 Innleiing	5
1.1 Historikk	5
1.2 Organisering av trafikktryggleiksarbeidet i Kviteseid kommune	5
1.3 Samarbeidspartar	6
2 Nasjonale og regionale føringar for arbeidet med trafikktryggleik	7
2.1 Nasjonale føringar	7
2.1.1 Nasjonal transportplan (NTP) 2014-2023	7
2.1.2 Barnas transportplan	7
2.1.3 Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik på veg 2018-2021	7
2.2 Fylkeskommunale føringar	9
2.2.1 Regional plan for samordna areal og transport i Telemark 2015-2025 (ATP Telemark)	9
2.2.2 Fylkets trafikktryggleiksutvalg (FTU)	9
2.3 Kommunale føringar.....	10
2.3.1 Kommuneplanens samfunnsdel 2018-2030	10
2.4 Trafikksikker kommune	11
3 Ulykkesituasjon og utvikling i Kviteseid kommune	12
3.1 Oversikt over ulykker i Kviteseid kommune	12
3.2 Vegsystem, vegeigar og utfordringar i kommunen.....	15
3.3 Trafikkulykker og samfunnsøkonomiske kostnader	16
4 Mål og strategiar.....	17
4.1 Målesetting	17
4.2 Strategi.....	17
5 Tiltak	18
5.1 Organisatoriske tiltak.....	18
5.2 Fysiske tiltak.....	20
5.2.1 Kommunale vegar.....	20
5.2.2 Riks og fylkesvegar	20
6 Økonomi.....	23
7 Evaluering og rullering.....	23
8 Handlingsplan.....	24
8.1 Kommunale vegar.....	24
8.2 riks og fylkesvegar.....	24

Figurliste

Figur 1. Utviklinga i talet på drepne og hardt skadde	8
Figur 2: Personar skadd i trafikkulykker i Kviteseid kommune 1997-2017	12
Figur 3: Fordeling av ulykker på kategori.....	13
Figur 4: Fordeling av ulykker på vegnettet	13
Figur 5: Fordeling av ulykker på månader	13
Figur 6: Ulykkespunkt på vegar i Kviteseid kommune	14
Figur 7: ÅDT E134 i Morgedal.....	15
Figur 8: ÅDT Rv41 ved Spjotsodd.....	16
Figur 9: Skadetilfelle med kostandar i 2014 kr	16

FORORD

Kommunane har ansvar for investeringar, drift og vedlikehald av det kommunale vegnettet. Som vegeigar, har kommunen også eit spesifikt ansvar for trafikktryggleikstiltak på kommunale veger. I samsvar med folkehelseloven og plan- og bygningsloven har kommunen eit generelt ansvar for å førebygge skader og ulykker lokalt. Kommunane har ansvar og virkemiddel som kan bidra til økt innsats i det lokale trafikktryggleiksarbeidet. Dei er store arbeidsgjevarar og kjøpar av transporttenester. I tillegg er dei eigar av barnehagar og skular.

Trafikktryggleik handlar om å kunne bevege seg trygt i lokalmiljøet, enten ein er fotgjengar, syklist eller bilist – barn, ungdom eller voksen.

Trafikktryggleiksplanen 2019 - 25 vil danne grunnlaget for vidareføring av trafikktryggleiksarbeidet i Kviteseid kommune.

De prioriterte tiltak i handlingsplanen skal arbeidast inn med kommunal eigenandel i årleg økonomi- og budsjettplan, og det skal årleg søkast om fylkeskommunale trafikktryggleiksmidlar.

Trafikktryggleiksarbeid for alle trafikantgrupper er viktige folkehelseiltak. Trafikktryggleiksplanen har fokus på helseperspektivet som er et satsingsområde for kommunen.

Utfordringa for det kommunale trafikktryggleiksarbeidet er å få satt temaet på den politiske dagsorden. Det er viktig å sikre at trafikktryggleiksplanen blir fylgd opp og tiltaka gjennomført.

SAMANDRAG

Denne planen representerer ein ny måte å organisere det kommunale trafikktryggleiksarbeidet i Kviteseid kommune. Planen byggjer på trafikksikker kommune konseptet, og er forankra hos rådmannen og hans leiargruppe. Alle kommunale instansar er gjennom dette arbeidet involvert i gjennomføringa av tiltak.

Planen tek utgangspunkt i dei nasjonale og fylkeskommunale føringane for trafikktryggleiksarbeidet, og målsetninga i kapittel 4 speiler den trafikkulykkesutviklinga vi kan sjå på nasjonalt nivå.

Planen har fokus på de fysiske tiltaka, og handlingsplanen for fysiske tiltak skal årlig rullerast. Planen har i tillegg eit aukande fokus på førebyggjande trafikktryggleiksarbeid, utvikla gjennom eit tverrfagleg arbeid i heile kommunen.

1 INNLEIING

Trafikktryggleik handlar om å kunne bevege seg trygt i sitt lokalmiljø, enten ein er fotgjengar, syklist eller bilist – barn, ungdom eller voksen. Som vegeigar, barnehage - og skuleeigar, arbeidsgjevar, kjøper av transporttenester og ansvarlig for bebuaranes helse og trivsel, har kommunen et stort ansvar for å førebygge ulykker og for at alle innbyggjarar skal føle seg trygge når dei ferdes langs veiene.

Kviteseid kommune har et ansvar for at alle kommunens innbyggjarar føler seg trygge når dei ferdast langs vegane i kommunen. Det betyr at Kviteseid kommune må ta ansvar for at det kommunale vegnettet er trafikksikkert og formidle informasjon om utrygge og farlege punkt på riks- og fylkesvegnettet til Statens vegvesen.

1.1 HISTORIKK

Denne planen er nr. 2 i rekka av trafikktryggleiksplaner for Kviteseid kommune. Planane har hatt som hovudfunksjon å vere eit styringsverktøy for et målretta arbeid med trafikktryggleik. Dei største utfordringane har vore forankring i alle kommunens ledd, og finansiering av tiltak.

Under arbeidet med Kviteseid kommunes trafikktryggleiksplanar har samordning med overordna planar, spesielt Telemark fylkes trafikktryggleiksplan blitt betydelig vektlagt, for å sikre en rød tråd i arbeidet, frå nasjonalt til lokalt nivå. Denne strategien vil bli vidareført og forsterka, spesielt sida dei nasjonale føringane er blitt tydeligare og meir konkrete, bl.a. gjennom Nasjonal transportplan, Stortingsmelding 40 og «Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik på veg» 2018-22.

1.2 ORGANISERING AV TRAFIKKTRYGGLEIKSARBEIDET I KVITSEID KOMMUNE

Arbeidet med trafikktryggleik i Kviteseid kommune er forankra hos rådmannen, og ansvaret for prosessen med å utarbeide en ny trafikktryggleiksplan for perioden 2019 – 25 er tillagt rådmannens leiargruppe. Tradisjonelt har dette ansvaret vært lagt til eining for samfunnsutvikling og teknisk drift, men kommunen ser det som viktig å forankre arbeidet hos rådmannens leiargruppe for å synleggjøre at alle kommunens sektorer må ta sin naturlige del av ansvaret. Det har mykje å sei for arbeidet at den enkelte sektorleiar syter for at egne tiltak i planen blir gjennomført.

Arbeidet med denne trafikktryggleiksplanen er viktig for alle trafikantgrupper og er eit viktig folkehelseiltak. Planen har fokus på helseperspektivet som er eit satsingsområde for kommunen gjennom Lov om folkehelsearbeid (Folkehelseova). For at det vidare arbeidet med trafikktryggleiksplanen blir fylgd opp og tiltaka gjennomført, må trafikktryggleik være et tema på den politiske dagsorden.

Parallelt med utarbeiding av kommunens plan for neste periode (2019-2023) er også en ny Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleiksarbeid på veg samt Telemark fylkes trafikktryggleiksplan ferdigstilt. Dette har resultert i at mange av tiltaka i denne planen er ein

vidareføring av nasjonale og fylkeskommunale forventningar til det kommunale trafikktryggleiksarbeidet; noe som sikrar ein raud tråd i arbeidet, frå nasjonalt til kommunalt nivå.

1.3 SAMARBEIDSPARTAR

Planen er utvikla gjennom eit tverrfaglig samarbeid mellom de ulike avdelingane i kommunen. Telemark Fylkeskommune, Statens vegvesen og Trygg Trafikk har også vært gode samarbeidspartar. Planen er i tillegg til offentlig høring, sendt til høring til Politiet og Statens vegvesen.

2 NASJONALE OG REGIONALE FØRINGAR FOR ARBEIDET MED TRAFIKKTRYGGLEIK

2.1 NASJONALE FØRINGAR

2.1.1 Nasjonal transportplan (NTP) 2014-2023

Regjeringas overordna mål for transportpolitikken er: «Å tilby et effektivt, tilgjengelig, sikkert og miljøvennlig transportsystem som dekker samfunnets behov for transport og fremmer regional utvikling.»

Regjeringa vidarefører i Meld. St. 33 (2016-2017) Nasjonal transportplan 2018-2029 nullvisjonen og legger opp til eit nytt ambisiøst etappemål om maksimalt 350 drepne og hardt skadde i 2030. Det er også satt av eit etappemål som syner kor raskt me skal nærme oss nullvisjonen. Ambisjonen er at talet på drepne og hardt skadde i vegtrafikken skal halverast innan 2024.

For å nå målet for trafikktryggleik på veg føreslås det bl.a. ein tydeleg satsing på målretta trafikktryggleikstiltak, strekningsvise investeringar og på drift og vedlikehald. Tilrettelegging for auka framkjømd og utvikling av fungerande bu- og arbeidsmarknader er tillagt vekt fordi det er viktig for busetting og verdiskaping.

2.1.2 Barnas transportplan

Nasjonal transportplan 2018-2029 har for fyste gong med seg eit eige kapittel om Barnas transportplan. Regjeringa vil:

- Leggje til rette for at åtte av ti born og unge skal velje å gå eller sykle til skulen
- Styrke arbeidet med trafikktryggleik for born og unge
- Legge vekt på born og unge sine behov i planlegginga og utviklinga av transportsystemet
- At det skal leggest vekt på omsynet til born og unge i lokal og regional planlegging
- Følgje opp transportetatane og Avinor når det gjeld omsynet til born og unge i utviklinga av transportinfrastrukturen
- Styrke kompetanse om trafikktryggleik i barnehage og skule

I planen blir det presisera at born og unge er dagens og framtidens trafikantar, og dette må det tas omsyn til også i overordna planar.

2.1.3 Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik på veg 2018-2021


Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik på veg 2018-2021 er utarbeidd av Statens vegvesen, Politiet, Helse- og beredningsdepartementet, Utdanningsdirektoratet, Trygg Trafikk, fylkeskommunane og syv storbykommunar. I tillegg har ein rekke andre aktørar gitt innspel til planen.

Planen bygger på Meld. St. 33 (2016-2017) Nasjonal transportplan 2018-2029 (NTP) og Meld. St. 40 (2015-2016) Trafikktryggleiksarbeidet – samordning og organisering. Ambisjonsnivå og prioriteringar i tiltaksplanen er i samråd med Statens vegvesens handlingsprogram 2018-2023 (2029), Strategiplan for polititjeneste på veg 2016-2019, Trygg

Trafikks strategi 2018-2025, fylkeskommunenes planer for prioritering innanfor trafikktryggleiksarbeidet og de syv storbykommunenes planar for trafikktryggleik.

Føremålet med tiltaksplanen er å presentere eit felles og bredt spekter av faglig forankra tiltak, i tillegg til å styrke samarbeidet mellom dei sentrale aktørane innan trafikktryggleik. Tiltaka i tiltaksplanen skal sikre at me har stø kurs mot etappemåla i NTP om maksimalt 350 drepne og hardt skadde i 2030, som inneber ein reduksjon på om lag 60 prosent samanlikna med gjennomsnittet for perioden 2012-2015.

I stortingsmeldinga om NTP synas det til omtalen av mål og viktige satsingsområder i trafikktryggleiksarbeidet. Vidare står det at: «Med dette som utgangspunkt vil hovedaktørane i trafikktryggleiksarbeidet utarbeide en revidert tiltaksplan for trafikktryggleik på veg. Tiltaksplanen vil gi en samlet framstilling av hvordan aktørane skal bidra til en utvikling som støtter opp under det ambisiøse etappemålet for trafikktryggleik.»



Figur 1. Utviklinga i talet på drepne og hardt skadde – registret situasjon og mål for utviklinga fram til 2024. Målkurva viser Regjeringas ambisjon for kor raskt me skal nærme oss nullvisjonen. Etappemålet er ambisiøst og krevjar ein målretta innsats frå alle aktørar.

2.2 FYLKESKOMMUNALE FØRINGAR

2.2.1 Regional plan for samordna areal og transport i Telemark 2015-2025 (ATP Telemark)

ATP Telemark skal hjelpe til å samordne arealbruken og dei ulike transportformene i Telemark. Fylkestinget vedtok Regional plan for samordna areal og transport for Telemark 2015-2024 med handlingsprogram 2015- 2018. Den nye planen kjem i staden for følgjande regionale planer i Telemark:

- Fylkesvegplan
- Senterstrukturplan
- Kollektivplan
- Trafikktryggleiksplan

Planens mål er å legge til rette for befolkningsvekst og et bærekraftig utvikling i Telemark.

- Befolkningsvekst skal skapast ved å velje løysingar som sikrar attraktivitet for bedrifter, bebuarane og besøkjande.
- Bærekraft skal skapast ved å velje areal- og transportløysingar som fremjar miljøvennlig transport, trafikktryggleik, god folkehelse, og god samfunnsøkonomi.

ATP er eit viktig grunnlag for kommunens arbeid med arealplanlegging og arbeidet med trafikktryggleiksplanen.

2.2.2 Fylkets trafikktryggleiksutval (FTU)

Telemark Fylkeskommune har etter Vegtrafikkloven § 40-a ansvar for å samordne og tilrå tiltak for å fremme trafikktryggleiken i fylket. Dette ansvaret er delegera til fylkets trafikktryggleiksutval (FTU).

Fylkets trafikktryggleiksutval (FTU) skal vere pådrivar i trafikktryggleiksarbeidet, og ha eit spesielt fokus på det gode samarbeidet mellom de ulike aktørane i trafikktryggleiksarbeidet i Telemark.

2.3 KOMMUNALE FØRINGAR

2.3.1 Kommuneplanens samfunnsdel 2018-2030

Samfunnsdelen har følgjande strategiar og satsingsområder:

- Kviteseid kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på samfunnstryggleik, folkehelse og gode oppvekstvilkår
- Kviteseid kommune skal jobbe for betre infrastruktur med hovudvekt på veg, overnattingskapasitet og gode kommunikasjonsløyser.
- Etablere attraktive møteplassar
- Arbeide for universell utforming ved knutepunkt og i sentrumsområde

Planen seier at for å ivareta innbyggjaranes tryggleik skal kommunen arbeide for å styrke trafikktryggleiken gjennom mellom anna å etablere fleire gang og sykkelveg, og betre standarden på dei kommunale vegane.

2.4 TRAFIKKSIKKER KOMMUNE



Etter vegtrafikklovens § 40a har fylkeskommunen eit ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremme trafikktryggleiken i fylket. Ei viktig oppgåve i denne samanhengen er å påverke og stimulere kommunane til å arbeide målretta og heilskapleg med trafikktryggleiksarbeidet.

Det er mange lover og føresegn som direkte eller indirekte omtalar kommunens ansvar for førebygging av ulykker, folkehelsearbeid og trafikktryggleik. Kommunen er pålagt eit ansvar bl.a. som vegeigar, som eigar av skule og barnehagar, stor arbeidsgjevar og kjøper av transporttenester.

For å lykkast må alle kommunens etatar involverast i arbeidet og den enkelte etatsleder ta sitt delansvar. Arbeidet må forankrast i den politiske og administrative leiinga. For å ivareta denne heilskapstenkinga er det utarbeida kriterier, og sjekklister skal være et verktøy for å kvalitetssikre kommunens trafikktryggleiksarbeid. Kviteseid kommune har satt seg som mål å oppfylle alle kriteria og gjennom ein fylkeskommunal godkjenningsordning bli erklært som «Trafikksikker kommune» innan 1. juli 2018.

Vedlegg 1 gjer ei meir grundig innføring i Trafikksikker kommune-konseptet.



TRYGG TRAFIKK

3 ULYKKESITUASJON OG UTVIKLING I KVITeseid KOMMUNE

3.1 OVERSIKT OVER ULYKKER I KVITeseid KOMMUNE

I ein 20-års periode har det vore totalt 136 ulykker innanfor Kviteseid kommune si kommunegrense. Av dei 136 ulykkene har det totalt vore 208 personar involvera kor 6 er drepne, 0 meget alvorleg skadd, 17 alvorleg skadd, og 185 lettare skadd.


På grunn av låg rapporteringsgrad kan det vere at har vore fleire trafikkulykker som ikkje er registrera så ein må rekne med at det er nokre mørketal.

Ut ifrå den låge andelen trafikkulykker og skadde er det vanskelig å sei noko sikkert om trenden i kommunen. Men om statistikken gjer eit riktig bilete syner tabellen ei trend som går i retning av færre ulykker og skadde kor det dei siste 5 åra har vore mindre enn 5 skadde pr. år. Det har heller ikkje vore dødsulykker sidan 2007.




Figur 2: Personar skadd i trafikkulykker i Kviteseid kommune 1997-2017

Følgjande figurar syner korleis ulykkene fordeler seg på vegnettet, ulykkeskategori, og når periode på året dei var. Til slutt synar kartet kor ulykkene fordeler seg i Kviteseid kommune.



Figur 3: Fordeling av ulykker på kategori




Figur 4: Fordeling av ulykker på vegnettet



Figur 5: Fordeling av ulykker på måneder

Data frå trafikulykkene i perioden 1997-2017 synar at bilistar og motorsyklistar saman er den gruppa som utgjer størsteparten av ulykkene i Kviteseid kommune. Bilulykker utgjer 80%, motorsyklistar 14%. Dei mjuke trafikantane som fotgjengarar og syklistar utgjer til saman 6% av dei ulykkene som er rapportera. Dei fleste ulykkene skjer på riksveg 41 og E-134 som går gjennom kommunen. Av fylkesvegane er det fv 38 mellom Vråliesen og Vrådøl som er mest belasta.

Kart frå Statens vegvesen synar kor trafikulykkene som er meldt til forsikringsselskapa har funnet sted.




Figur 6: Ulykkespunkt på vegar i Kviteseid kommune

3.2 VEGSYSTEM, VEGEIGAR OG UTFORDRINGAR I KOMMUNEN


Trafikken i Kviteseid kommune er prega av mykje gjennomgangstrafikk på E134 som går gjennom kommunen frå Seljord til Morgedal. Riksveg 41 har og mykje gjennomgangstrafikk. Rv 41 kjem frå Nissedal, og passerar Vrådal og Kviteseid før vegen møter E134 på Brunkeberg.

Det offentlege vegnettet i Kviteseid kommune består av 50 km riksveg, 108 km fylkesvegar og 53 km kommunale vegar. I tillegg er det 194 km private vegar og 360 km skogsbilveg. Kviteseid kommune har i tillegg 2 km gang og sykkelveg som kommunen forvaltar.

Gjennomsnittlig års-døgn trafikk (ÅDT) registrerast av Statens Vegvesen. Data er henta frå trafikldata.no. ÅDT i 2018 var 2800 for E-134 gjennom Morgedal, og av desse var andelen tunge køyretøy 19%. Dette er ein liten auke frå 2017 då ÅDT var 2600. Om ein ser lengre tilbake er utviklinga ganske stabilt med ei jamn auke. I 2013 var ÅDT for Morgedal 2400. Langs RV 41 over Spjotsodd ligg ÅDT på 600 for 2017 og 2018. Tungtransport utgjør her om lag 10%.



Figur 7: ÅDT E134 i Morgedal



Figur 8: ÅDT Rv41 ved Spjotsodd

Utfordringar i Kviteseid kommune er i stor grad knyta til gjennomgangstrafikk langs E-134 og Rv 41. Fleire av utrykkingane til Kviteseid brannvesen er nettopp til ulykker langs desse vegane. E-134 er ei hovudferdselsåre mellom aust og vestlandet, og prega av mykje trafikk som inkluderer mykje tungtransport. Rv 41 er ei viktig tilførselsåre for E-134 og er på same måte som E-134 prega av mykje gjennomgangstrafikk med ein høg del med tungtransport. Ein del tungtransport blir og fordela vidare ut det resterande vegnettet som følgje av at det er mykje tømmerdrift i Kviteseid kommune.

3.3 TRAFIKKULYKKER OG SAMFUNNSØKONOMISKE KOSTNADAR

Dei ulykkeskostnadane som i dag brukast i mellom anna nytte-/ kostnadsanalyser er berekna av Transportøkonomisk institutt (TØI) og omfattar medisinske kostnader, produksjonsbortfall, materielle kostnader, administrative kostnader og verdsetting av velferdstap ved trafikkulykker. Kostnadene ved vegtrafikkskader i 2014-kroner, regnet pr. skadd person, er vist nedanfor. Kostnadstalla for personskader gjeld pr. politirapporterte skadd person. Ved berekning av kostnadane er det teke utgangspunkt i dei ulykkene som er rapportert til politiet. Kostnadene er vidare justert opp på bakgrunn av underrapportering slik at einingskostnadene gjeld for alle skader, inkludert dei som ikkje er rapportert.

Skadetilfelle	Kostnader
Drept	35 600 000
Meget alvorlig skadd	26 830 000
Alvorlig skadd	9 520 000
Lettere skadd	720 000

Figur 9: Skadetilfelle med kostandar i 2014 kr

4 MÅL OG STRATEGIAR

4.1 MÅLESETTING

For å kunne arbeide vidare med å nå målet med nullvisjonen i Norge skal Kviteseid kommune ha en målsetting for trafikktryggleiksarbeidet som speglar dette.

Visjonen for Kviteseid kommune er å være den foretrukne bu- og etablererkommunen i Vest-Telemark. En slik visjon er forpliktande i mange samanhengar, ikkje minst gjeld dette i forhold til innbyggjarane si oppfatning av kor trygge skulevegane er og kor trafikksikkert vegsystema i sin heilskap er. Ut ifrå ulykkesstatistikken for Kviteseid kommune i kapitel 3 og hele landet elles, så er dette ambisiøst, men med eit målretta trafikktryggleiksarbeid er dette mogleg.

4.2 STRATEGI

I Nasjonal Tiltaksplan for trafikktryggleik på veg er det sett opp ein rekke tilstandsmål formulert som måltall. For å nå desse måla må det settast i verk tiltak.

Kommunen skal arbeide aktivt for å bidra til at vi oppnår disse tilstandsmåla. Dette gjeld først og fremst på følgjande områder:

- Auka bruk av bilbelte, refleks, bakovervendt barnesikring, sykkelhjelm
- Redusere delen av bilister som overskrid fartsgrensene
- Arbeide målretta for at fleir går og sykklar til skulen
- Alle skular er godkjent som trafikksikre skular
- Alle barnehagar er godkjent som trafikksikre barnehagar
- Kommunen er godkjent som trafikksikker kommune

5 TILTAK

Tiltaka er i hovudsak basera på trafikkssikker kommune-konseptet, med dei føringane og satsingsområda som ligger her. Tiltaka vil bidra til at Kviteseid kommune reduserer risikoen for framtidige ulykker, og står fram som ein trafikkssikker kommune.

5.1 ORGANISATORISKE TILTAK

Kviteseid kommune sin rolle som barnehageeigar

Generelle tiltak	Ansvar
Trafikkopplæring er integrera som ein del av omsorgs- og opplæringsarbeidet og nedfellast i barnehagens årsplan	Leiar for barnehage
Barnehagen har utarbeida rutinar for å ivareta tryggleiken på turar til fots, med bil eller kollektivtransport	Barnehagane
Opplæringstiltak	Ansvar
Barn lærar om trafikkreglar for fotgjengarar, bruk av sansane i trafikken og om bruk av bilbelte, sykkelhjelm og refleks	Barnehagane
Samarbeidstiltak barnehage - heim	Ansvar
Trafikktryggleik og trafikkopplæring skal vere eit årleg tema på foreldremøte	Leiar for barnehage

Kviteseid kommune sin rolle som skuleeigar

Generelle tiltak	Ansvar
Skulane har utarbeida rutinar for å ivareta tryggleiken på turar til fots, med bil eller kollektivtransport	Barne- og ungdomskule
Opplæringstiltak	Ansvar
Skulene skal integrere trafikkopplæring i lokal læreplan/årsplan i tråd med Kunnskapsløftets kompetansemål <ul style="list-style-type: none">Kviteseid skule skal halde fram med tilbodet om sykkelopplæring for elevane i 4. trinn.	Barne- og ungdomskule
Samarbeidstiltak barnehage - heim	Ansvar
Skulens læreplan for trafikk for trafikk skal vere eit årleg tema på foreldremøte	Barne- og ungdomskule

Kviteseid kommune sin rolle som vegeigar

Tiltak	Ansvar
Kommunen skal utarbeidd årleg prioriteringsliste for trafikktryggleikstiltak på riks, fylkes og kommunal veg	Eining for samfunnsutvikling og teknisk drift
Kommunen har rutinar for å kvalitetssikre trafikktryggleiken i forbindelse med anleggsverksemd i kommunen sine eigne HMS-rutinar	HMS-rutine for eining for samfunnsutvikling og teknisk drift

Kommune har utarbeidd rutinar for handtering av innspel på trafikktryggleikstiltak frå andre einingar, organisasjonar og publikum	Eining for samfunnsutvikling og teknisk drift
Ved skulestart informerast innbyggjarane om viktigheita med beskjering av trær og hekker langs vegar og gs-vegar	Eining for samfunnsutvikling og teknisk drift
Det skal søkast om aksjon skuleveg midlar frå FTU kvart år.	Eining for samfunnsutvikling og teknisk drift
Ut i frå tiltaka på prioriteringslista skal det søkast om trafikksikringsmidlar for å få finansiering til tiltaka. Finansierings som kommunen må dekke sjølv søkast det om til kommunestyret og leggest inn i investeringsbudsjettet.	Eining for samfunnsutvikling og teknisk drift

Kviteseid kommune som ansvarleg for innbyggjaranes helse og trivsel

Tiltak	Ansvar
Helsestasjonen oppdaterer sine planar for verksemda med omsyn til trafikktryggleiksbudskap (ovanfor innbyggjarar, foreldre og elevar)	Helsesyster
Kommunen utarbeider årleg ein oversikt over trafikkulykker og trafikkskadde i kommunen. Oversikta går igjennom i kommunens leiargruppe i heile planperioden	Kultur v/ eining for samfunnsutvikling og teknisk drift
Kommunen arrangerer årleg sykkelsjekk for alle	Kultur v/ eining for samfunnsutvikling og teknisk drift
Kart år på den nasjonale refleksdagen (oktober) påvirkes kommunen sine tilsette til å nytte refleks som fotgjengarar i mørket gjennom ulike aktivitetar	Eining for samfunnsutvikling og teknisk drift
Trafikktryggleik skal vere eit årleg tema på møter med lag og foreiningar	Kultur v/ eining for samfunnsutvikling og teknisk drift
Kvar vår gjennomførast aktivitetar som skal stimulere fleire til å sykle og å bruke sykkelhjelm (innbyggjarar og tilsette i kommunen)	Administrasjonen og eining for samfunnsutvikling og teknisk drift

Kviteseid kommune som arbeidsgjevar

Tiltak	Ansvar
Kommunen har innarbeidd trafikktryggleik i HMS/internkontrollsystemet som inneheld reglar for reiser og transport i kommunens regi, og ved kjøp av transporttenester	Administrasjonsavdelinga
Trafikktryggleik skal vere eit årleg tema i kommunens arbeidsmiljøutval (AMU)	Administrasjonsavdelinga

5.2 FYSISKE TILTAK

5.2.1 Kommunale vegar

Vegnr	Strekning	Tiltak
	Alle kommunale vegar	Gjennomgang av trafikkskilt på kommunale vegar med nye vedtak. Vurdering og gjennomgang av alle fartsgrenser og skilt der kommunen vedtaksmyndighet.
KV 1008	Ordalsvegen	Ordalsvegen. Utbetring av svingradius, nytt rekkverk og betre markering av brua etter Renovest.
KV 1004	Åsgrendvegen	Autovern frå grendehuset og opp til Uppistogo.
KV 1073	Kasinvegen	Utbetring av krysset mot Hommanvegen for å få betre oversikt. Krysset har dårlege siktforhold.
	Kviteseid sentrum	Utbetring og til rettelegging for universell utforming. Lage eit prosjekt saman med Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.
KV 1034	Lundenvegen	Gang- og sykkelveg frå sentrum og til KOS
KV 1097	Selandvegen	Betre sikt ut på RV 41.
KV 1020	Kyrkjevegen	Fysisk stenging av vegen for gjennomgangstrafikk.
SV 69	Granlivegen	Betre sikt ut på RV 41

5.2.2 Riks og fylkesvegar

Dette er tiltak som Statens vegvesen er ansvarleg for å utføre, og som ikkje direkte vedkjem den kommunale trafikksikringsplanen. Kviteseid kommune ber Statens vegvesen merke seg momenta og vurdere dei i sitt planverk og få sett i gang tiltak.

RV 41 FRÅ AVKØYRING KVITSEID SENTRUM TIL KVITSUND.

Frå krysset ned til sentrum i Kviteseid kommune og ut til Kvitsund og vidare ut til den gamle svingbrua, er det sterkt behov for ein gang- og sykkelveg. Det er mange skuleelevar frå Kvitsund Gymnas og andre som går og sykklar i området. Det er også ein god del bustadar elles langs denne vegen. Det er mange farlige situasjonar langs denne vegen når bilistar møtast og det er mjuke trafikantar i bildet. Det er også ein god del tung trafikk på denne vegen. I 2019 blir det utbetre med gateljøs, men det er framleis eit sterkt ønskje om gang og sykkelveg.

RV 41 VRÅDAL MOT STEANE.

Frå Quality Straand hotel & Resort mot byggefelt Stallane ved Vrådalsenter. Behov for gang- og sykkelveg da denne vegen er smal og svingete og med dårleg sikt. Stor fare for mjuke trafikantar langs denne vegen.

FV 452 OVERGANG VED SUNDVANG.

Behov for fotgjengarovergang ved Sundvang. Der kryssast gang- og sykkelvegen. Særleg stor trafikk før og etter skuletida.

RV 41 OVERGANG VED STATOIL I KVITSEID.

Behov for å få markert overgangen mellom Statoil og bibliotek/ kommunehus. Er ein del gåande her sia det er ein busstopp ved Statoil. Denne overgangen bør vere i drift og dermed skiltast og markerast opp igjen. Det er i dag igjen litt maling på overgangen som har vore der tidlegare, og dermed enda farlegare for fotgjenarane.

RV 41 AVKØYRING NED MOT KVITSEID SENTRUM.

Fått gjort om avkøyringa ned mot Kviteseid sentrum då denne er veldig uoversiktleg og trafikkfarleg.

RV 41 KRYSS VRÅDAL VED AVKJØRING RV 38 MOT VRÅDAL SENTRUM.

Krysset på RV 41 ned mot Vrådalsenter der vegen delar seg og ein kan køyre mot Vråløsen på RV 38 eller køyre vidare på RV 41 mot Åmli. Dette krysset er trafikkfarleg og skulle vore gjort om. Det er mange nesten-ulykker der, og det er usikkerheit blant trafikantane om korleis dei skal oppføre seg i krysset.

RV 41 AVKØYRING TIL BRUNKEBERG OPPVEKSTSENTER.

Uoversiktleg og bratt avkøyring. Om vinteren har det ofte skjedd at bilar sklir ut i RV 41 pga stigninga på avkøyringa. Dette krysset er mykje trafikkert pga oppvekstsenteret med både barnehage og skule. Hadde også vore ein stor fordel med belysning i dette krysset.

FV 452 AVKØYRING FRÅ FV 452 OG OPP MOT LAUVSTAD/ OPPEBØEN.

Dårleg sikt i kryss. Moglegheit for utviding av siktsonen retning Kviteseid sentrum.

RV 41 BRU FØR OG ETTER AVKØYRING TIL FJÅGESUND.

Trafikkfarleg punkt på grunn av at det er smalt. Oppstår fleire nesten-ulykker der pga mykje tungtrafikk på strekninga. På vinterstid er det spesielt stor fare, og det har vore mange utforkøyningar her opp gjennom åra.

RV 41 VEGSTREKNING VRÅDAL MOT STEANE.

Smal og uoversiktleg strekning som det har vore ulykker med døden som følgje. Behov for utbetring.

RV 41 SVING FØR AVKØYRING TIL KVITSEID SENTRUM.

Utbetring av siste sving før du kjem til avkøyninga til Kviteseid sentrum frå Seljord sida. Uoversiktleg for gåande og bilistar. Ein utbetring av denne svingen hadde vore greitt å tatt i forbindelse med nye Kviteseid krysset.

RV 38 UTBETRING SVINGAR MELLOM VRÅDAL OG VRÅLIOSEN.

Etter tidlegare vegarbeid så står det att det nokre få svingar som er veldig smale og trafikkfarlege. Dette spesielt med tanke på stadig aukande tungtransport frå Telemark Kildevann AS som er avhengige av denne vegen.

FV 452 STREKNING KVITSEID SKULE OG NORDOVER MOT DALANE.

Behov for fleire busstoppestadar då bussane bare nyttar innkøyningane og mange av dei er veldig uoversiktlege og små.

FV 452 KVITSEID SENTRUM TIL KYRKJA.

Belysning langs vegen frå øvre del av Kviteseidgata og fram til kyrkja. Vegen er mykje trafikkert av fotgjengarar og bilistar, og det hadde vore eit veldig bra sikkerheitstiltak med belysning her.

FV 452 KVITSEID SKULE OG NORDOVER MOT LUNDEVALL.

Belysning langs vegen på Flatin då det er mykje skuleelevar og andre trafikkantar som ferdast her. Spesielt farleg om morgonen når barna skal på skulen.

RV 38 VRÅLIOSEN.

Belysning i 60 – sona i Vråliosen.

FV 452 BRU VED VESTERDAL I DALANE.

På nordsida av brua må autovernet forlengast då det i dag er ingen form for sikring. Her er det ein veldig krapp sving inn mot brua, og på utsida er det veldig bratt og rett ned i elva. Her kan det fort skje alvorleg ulykke.

RV 41 UTVIDE 60- SONE FORBI AVKØYRING KVITeseID MOT SELJORD.

Utvida 60- sona som i dag startar før avkøyringa til Kviteseid og vidareføre den opp til avkøyring Gotuholtvegen. Er mange private avkøyringar på dette strekket, og det er ynskje frå dei med fleire om å få gjort om på farten. Det er også ein del mjuke trafikantar som ferdast her, og det er ikkje noko gangeveg/felt for dei. Derfor ein ekstra tryggleik med lågare fart med tanke på alle.

6 ØKONOMI

Trafikktryggleikstiltaka i denne planen skal leggjast inn i økonomiplanen. Samtidig skal tiltak som går over fleire år, og tiltak med oppstart i handlingsplanperioden prioriterast i budsjettet kvart år frå 2019 til og med 2025.

Avdelingsleiare har ansvaret for å innarbeide utgiftene innanfor eige budsjettområde. Kviteseid kommune har ein målsetting om å søke fylkets trafikktryggleiksmidlar til fysiske tiltak langs kommunale vegar og skulevegar. FTU-midla dekker 60% av kostandene for tiltaka og kommunen må sjølv stille med eigenandel på 40%.

7 EVALUERING OG RULLERING

Avdelingsleiarane rapporterer årleg på tiltak innanfor eige ansvarsområde til plankoordinatoren, som så samanfatar dette, og legg fram ein samla rapport til rådmannen.

Rådmannen rapporterer årleg til kommunestyret.

8 HANDLINGSPLAN

8.1 KOMMUNALE VEGAR

Når det gjelder tiltaka langs det kommunale vegnettet er det kommunen sjølv som er ansvarlig for bevilgning og gjennomføring. Prioriteringa av disse tiltaka er opp til kommunen. Til planlegging og gjennomføring vil det kunne søkjast om statlege midlar til trafikktryggleik. Kommunen må dekke minst 40 % av kostnadene. Oversikt over tiltak er vist i tabell under.

Prioritet	Tiltak	Når	Kostnad
1	Gjennomgang av trafikkskilt på kommunale vegar med nye vedtak. Vurdering og gjennomgang av alle fartsgrenser og skilt der kommunen vedtaksmyndighet.	2020	
2	Opprusting/utbetring på kommunale vegar (ligg i økonomiplanen)	2020	2,5 mill
3	Fysisk stenging av kyrkjevegen for gjennomgangstrafikk.	2020	
4	Åsgrendvegen. Autovern frå grendehuset og opp til Uppistogo.	2022	
5	Ordalsvegen. Utbetring av svingradius, nytt rekkverk og betre markering av brua etter Renovest.	2023	
6	Utbetring og til rettelegging for universell utforming. Lage eit prosjekt saman med Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.	2024	

8.2 RIKS OG FYLKESVEGAR

For tiltak langs fylkesvegnettet er det Statens vegvesen som sitter med forvaltningsansvaret, Telemark fylkeskommune har ansvaret for bevilgningane. Dei foreslåtte prioriteringane er kommunens ønskjer. Oversikt over tiltaka er vist i tabell under.

Prioritet	Tiltak	Når	Kostnad
1	Utbetreingar langs RV 41 mot Kvitsund. Her vil me ha gang og sykkelveg, men det blir no sett op gateljos.	2019	
2	Utbetring av krysset ned mot Kviteseid sentrum		
3	RV 38 Utbetreingar mellom Vråliesen og Vrådalen		
4	RV 41: Utbetring mellom Vrådalen og Steane		

Vedlegg 1. Trafikksikker kommune konseptet

Trafikksikker kommune

- *Systematisk arbeid for et trygt lokalmiljø*

Trafikktryggleiksarbeidet er avhengig av en bred og samla innsats der fleire sektorer er involvert for å førebygge og redusere trafikkulykker (jfr. St. meld. 16, 2008-2009).

Samferdselsdepartementet har pekt på kommunenes ansvar, der kommunalt trafikktryggleiksarbeid sjåast på som avgjerande for å nå nasjonale mål om reduksjon i talet på drepne og hardt skadde.

Kommunen er en viktig aktør i trafikktryggleiksarbeidet. Som vegeigar, barnehage - og skuleeigar, arbeidsgjevar, kjøper av transport- tenester og ansvarlig for bebuaranes helse og trivsel, har kommunen et stort ansvar for å førebygge ulykker. Gjennom lover og forskrifter har kommunen plikt til å arbeide systematisk med førebyggjande arbeid i alle sektorer.

Trygg Trafikk har utarbeida kriterier og sjekklister for en trafikksikker kommune. De fleste fylkeskommunar legger konseptet «Trafikksikker kommune» til grunn når kommunane stimulerast til å arbeide systematisk med trafikktryggleik. Fleire fylker legger allereie i dag disse kriteriene til grunn for en godkjenningsordning, som igjen løyser ut fylkeskommunale midlar. Å bli godkjent betyr ikkje at det ikkje skjer trafikkulykker, men godkjenninga er et kvalitetsstempel for godt, målbevisst og heilskapleg arbeid med trafikktryggleik.

KRITERIER FOR KOMMUNEN

- ✓ Kommunen har forankra ansvaret for t trafikktryggleiksarbeidet hos ordførar og rådmann. Delansvar kan ligge hos den enkelte etatsleder
- ✓ Kommunen har eit utval med ansvar for trafikksikkerhet.
- ✓ Kommunen har innarbeidd trafikktryggleik i HMS/internkontrollsystemet som inneheld reglar for reiser og transport i kommunens regi, og ved kjøp av transporttenester.
- ✓ Kommunen har oppdatera oversikt over trafikkulykker og trafikkuhell (materiellskader) i kommunen.
- ✓ Kommunen har en trafikktryggleiksplan som er forankra i fylkets trafikktryggleiksplan. Planen har rutinar for rullering og rapportering. Planen tek vare på både haldningsskapande/trafikantrretta- og fysisk tiltak.
- ✓ Kommunen har innarbeidd kriteriene / sjekklistene for kommunens sektorer (HR, barnehage, skule, kultur, helse og vei).
- ✓ Kommunen gir påverknad på lag og foreiningar til å innarbeide reglar for trafikktryggleik i sin verksemd.

Vedlegg 2. Skadestatistikken

Uhell kategori	Antall av Uhell kategori	Månad	Tal på ulykker
Bilulykke	108	Januar	11
Fotgjenger eller akende involvert	7	Februar	5
Mc ulykke	19	Mars	9
Sykkelulykke	1	April	7
		Mai	8
		Juni	24
		Juli	21
		August	13
		September	10
		Oktober	9
		November	10
		Desember	9
		Totalsum	136

Historisk vegkategori	Talet på ulykker
Europaveg	64
Fylkesveg	12
Kommunal veg	1
Privat veg	2
Riksveg	55
Skogsbilveg	1

År	Sum - Antall meget alvorlig skadet	Sum - Antall lettere skadet	Sum - Antall alvorlig skadet	Sum - Antall drepte i ulykken
1997	0	11	1	0
1998	0	9	3	1
1999	0	14	0	0
2000	0	9	2	0
2001	0	9	0	0
2002	0	14	0	0
2003	0	9	1	2
2004	0	15	3	0
2005	0	11	1	1
2006	0	10	0	0
2007	0	3	0	2
2008	0	7	3	0
2009	0	8	1	0
2010	0	25	1	0
2011	0	12	0	0
2012	0	7	0	0
2013	0	2	0	0
2014	0	4	1	0
2015	0	3	0	0
2016	0	2	0	0
2017	0	1	0	0
Totalsum	0	185	17	6